

Flest norske vogntog i grøfta

•• Og fleire i møteulykker •• Betre skodd

Sogndal: Norske tungtransportsjåførar hamnar oftare i grøfta enn dei utanlandske kollegaene. Dei er også borti fleire møteulykker. Men utanlandske sjåførar står oftare fast.

Jan Egil Fimreite
jan.egil.fimreite@sognavis.no

Dette syner eit oversyn over bergingsoppdrag på E16 i Filefjell/Tyin-området og på riksveg 52 over Hemsedalsfjellet.

– Eg vil heller møte ein polakk enn ein norsk trailer på vinterføre, som Thormod Gausdal i Statens vegvesen sa det under ein fagdag for tunge køyrety som Lerum Frakt og Statens vegvesen skipa til på Kaupanger laurdag. Om lag 50 sjåførar møtte fram til fagdagen.

Klare tal

Og tala som Gausdal hadde henta inn frå bilbergingssselskapet, var rimeleg klare. 152 bergingsoppdrag galdt utanlandske sjåførar. I 107, eller i 70 prosent av tilfella, stod vogntoga fast i sjølve vegbana. 24 prosent hadde hamna utføre vegen, medan seks prosent var innblanda i møteulykker. Når det gjeld norske sjåførar, er tala snudd på hovudet. Her trong 31 prosent hjelp til å koma seg laus etter at dei vart ståande fast. 43 prosent hadde hamna utføre vegen, medan 25 prosent var innblanda i møteulykker.

– Ut frå bergingsrapportane ser me at norske køyrety blir sikra for dårleg til at dei klarer å stogga i tide, i tillegg til at sjåførane køyrer for fort. Utanlandske sjåførar slit med kunnskap om norske tilhøve og køyrer seinare. Dei har heller

ikkje same moglegheit som dei norske til å omgå eit regelverk.

– På kva måte?

– Dei norske køyrer med fleire akslingar for å få overført meir tyngd på drivakselen og for at dei på den måten får betre tak. Me har opplevd å finna vogntog med dobbelt akseltrykk på drivakslingen i høve til det dei har lov til.

Sommar og sol

Bilbergaren ser også at norske sjåførar er er langt betre til å sko bilane sine enn dei utanlandske kollegaene. 94 prosent av dei norske sjåførane som vart kontrollerte, køyrde med vinterdekk. Berre tre prosent av dei utanlandske sjåførane hadde piggdekk.

Mange sjåførar hadde møtt fram til fagdagen i Lerum sine lokale på Kaupanger. Gausdal seier han er glad for det store oppmøtet.

– Det er viktig at me får ein dialog og tilbakemeldingar frå sjåførane, og at dei får vårt syn på saka og vintervedlikehaldet vårt. Me gjer ikkje det for at sjåførane skal sleppa å leggja på kjettingar til kvar tid. Men me er samde i at sjåførane må vera nokolunde trygge på kva som møter dei på norske vintervegar, og at det må vera føreseieleg når dei må ha på kjettingane. Her fekk me også mange tilbakemeldingar me kan ta med oss vidare.